



ÅL KOMMUNE

# Ål kommune

## Økonomiplan 2019-2022 med årsbudsjett 2019



### KOMMUNE 1.0

Kommunen bestemmer  
"ovenfra-og-ned".



### KOMMUNE 2.0

Brukeren bestemmer.  
"Kommunen bærer  
deg gjennom livet".



### KOMMUNE 3.0

Vi bestemmer sammen.  
"Hva skal vi få til i  
fellesskap i dag?".

*Oppdatert etter kommunestyret sitt vedtak den 13.12.18*





ÅL KOMMUNE





ÅL KOMMUNE

# Innhold

RÅDMANNEN SI INNLEIING	5
HANDSAMING AV BUDSJETTET OG ØKONOMIPLAN	6
MÅL, VERDIAR OG MILEPÆLAR FOR KOMMUNEN	7
<b>DRIFTSBUDSJETTET</b>	<b>8</b>
ØKONOMISK STODE FOR KOMMUNEN	8
<i>Netto driftsresultat</i>	9
<i>Gjeld</i>	9
<i>Renter</i>	10
<i>Likviditet</i>	10
<i>ROBEK</i>	11
RAMME FOR 2019 BUDSJETTET – GENERELT	11
RAMME FOR 2019 BUDSJETTET – INNTEKTENE	13
<i>Skjema 1A – drift</i>	13
1. <i>Skatt på inntekt og formue</i>	13
2. <i>Rammetilskot</i>	14
3. <i>Skatt på eigedom</i>	16
4. <i>Andre direkte og indirekte skattar</i>	16
5. <i>Andre generelle statstilskot</i>	17
6. <i>Renteinntekter og utbytte</i>	17
7. <i>Renteutgifter</i>	17
8. <i>Avdrag på lån</i>	17
9. <i>Til bunde avsettingar</i>	17
10. <i>Bruk av ubunde avsettingar</i>	18
11. <i>Bruk av bunde avsettingar</i>	18
12. <i>Til fordeling drift</i>	19
14. <i>Sum fordelt til drift</i>	19
RAMME FOR 2019 BUDSJETTET – UTGIFTENE	19
<i>Skjema 1B - drift</i>	20
<b>INVESTERINGAR</b>	<b>22</b>
INVESTERINGSRAMME –BRUK AV KRAFTOVERSKOT	22
<i>Skjema 2A – Investeringar, hovudoversikt</i>	23
<i>Skjema 2B – Investeringar, oversikt over prosjekt</i>	24
<i>Skjema 2B – Investeringar, oversikt over prosjekt sjølvkost</i>	26
<b>SELSKAP OG SAMARBEID UTANFOR KOMMUNENS ORGANISASJON</b>	<b>27</b>
<b>DRIFTSOMRÅDA</b>	<b>28</b>
ADMINISTRASJON OG SERVICETENESTER	28
OPPVEKST	30
HELSE OG SOSIAL	33
KULTURSEKTOR	36
DRIFT OG UTVIKLING	38





ÅL KOMMUNE





ÅL KOMMUNE

## Ramme og visjon

### Rådmannen si innleiing

Dette dokumentet er grunnlaget for budsjettarbeidet i formannskapet og i sektorutvala med budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. Dokumentet viser rådmannen sine vurderingar av kommunen sine budsjettutfordringar og dei nedskjeringar og tilpassingar som er nødvendige. Rådmannen sitt budsjettframlegg er saldert og lagt fram i balanse. Det er lagt inn bruk av fond på 2,4 millionar.

Statsbudsjettet gav kommunen ein auke på 2,4 %. Det er mindre enn forventa deflator som er på 2,8 % og betyr i realiteten ein reell reduksjon i budsjettet. Ei framskrivning av budsjettet for 2018 med forventa lønsauke, viser at det framleis er utfordrande å få budsjettet i balanse.

Det er ei positiv utvikling på kraftinntektene og det er forventa ein auke i desse framover. Men det er viktig å understreke at dette er usikkert og kan endre seg både positivt og negativt for kommunen. I rådmannen sitt budsjettframlegg er det lagt inn 28 millionar som kommunen sin netto inntekt.

Kommunen innførte eigedomsskatt med verknad frå 2017. Som fylgje av retaksering av eigedomsskatt på næring og endra regelverk for taksering av verk og bruk, er eigedomsskatten redusert med 2,4 millionar til 35,3 millionar, ift 2018..

Kommunen har hatt fokus på sparing og nedskjering i fleire år no. Sektorane har i utgangspunktet berre fått kompensert lønsveksten. Andre driftsutgifter er for det meste berre vidareført utan å ta omsyn til utgiftsveksten. I realiteten betyr det at driftsmidlane er kraftig redusert. Dette er utfordrande for alle sektorane og må etterkvart kompenseras. Det ligg difor ei lang liste med ynskje frå sektorane som rådmannen ikkje har funne rom til i dette budsjettet. I dette budsjettokumentet har sektorleiarane kommentert sin sektor sine utfordringar spesielt.

Den demografiske utviklinga viser auke i tal eldre og reduksjon i barnetalet. Det kan vere utfordrande å fordele budsjettet mellom helse / omsorg og oppvekst i samsvar med dette. Kommunestyret har signalisert at kommunen skal satse på auka innbyggjarmedverknad og tilflytting for å snu den negative folketalsutviklinga. Ål kommune har også stort fokus på utvikling og innovasjon. Dette er svært positivt og gjer at vi kan oppretthalde optimisme og positiv framtidstru og at kommunen kan innfri dei krav som kjem i framtida.

Det er viktig å utløyse alle ressursane i lokalsamfunnet og få forståing for at ikkje kommunen aleine kan løyse alle utfordringar. Kommunens innsats må dreiest meir mot å bringe ulike interessegrupper saman, fasilitere og støtte initiativ i lokalsamfunnet – dvs. legge større vekt på den sokalla 'kommune 3.0-tankegangen'. Gjennom slik samskaping med ressurssterke og aktive samfunnsborgarar kan vi få til ei god samfunnsutvikling.

Ål, 17. oktober 2018

**Tone Tveito Eidnes**  
rådmann





ÅL KOMMUNE

## Handsaming av budsjettet og økonomiplan

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ein økonomiplan som skal omfatte minst dei fire neste budsjettår. Økonomiplanen skal dekkje heile kommunen si verksemd og gje realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, venta utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

Budsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse i budsjettåret. I løyvingar til ulike føremål kan ein gjere frådrag for tilhøyrande inntekter (nettobudsjettering).

Ål kommunestyre løyver nettoutgift pr. sektor og pr. avdeling i si budsjetthandsaming. I økonomistyringa er det likevel viktig og fylgje med på brutto inntekter og utgifter.

Budsjettprosessen strekkjer seg gjennom store delar av året. Føringer, vedtak og løyvingar gjennom året må innarbeidast i det økonomiske opplegget. Strategisamlingane i april er ein viktig arena som legg premisser og gjev politiske signal på dei ulike budsjettområda.

Innstilling til budsjettet frå formannskapet skal leggjast ut til offentleg ettersyn seinast 14 dagar før innstillinga blir handsama i kommunestyret.

Kommunestyret skal vedta budsjettet innan utgangen av året.

### Framdriftsplan for budsjettprosessen, budsjett- 2019

<b>Administrativ behandling</b>			
<b>20. juni</b>	AMU/UT og rådmannsteam	Rådmannsteam	Gjennomgang av budsjetttrundskriv 2019, premisser og føringer
<b>21. juni</b>	Alle avd.leiarar		Budsjetttrundskriv sendast ut
<b>24. august</b>	Alle avd. leiarar		Framlegg til budsjett frå avdeling til sektor
<b>7. september</b>	Sektorleiarar		Framlegg til budsjett frå sektor til rådmann
<b>14. september</b>	Sektorleiarar		Taldelen ferdig lagt i Visma.
<b>28. september</b>	Sektorleiarar		Tekstdelen ferdig.
<b>23.oktober</b>	Formannskap og sektorutval	Rådmann og økonomisjef	Rådmann legg fram sitt salderte budsjettframlegg.
<b>Politisk behandling</b>			
<b>5.november</b>	Formannskap, utvalsleiarar og tillitsvalde	Rådmannsteam	Ordførar sett agenda
<b>12. november</b>	Formannskap	Rådmannsteam	Formannskapet vedtek sitt budsjettframlegg. Framlegget blir lagt ut på høring.
<b>20.november</b>	SHO, SUKO, STNR	Leiar på dei ulike sektorar/avd.	Utarbeide høringsframlegg
<b>3. desember</b>	Formannskap	Rådmannsteam	Gjennomgå høringsinnspel og vedta sitt endeleg budsjettframlegg.
<b>13. desember</b>	Kommunestyret	Rådmannsteam og evt. andre leiarar	Kommunestyret handsamer budsjettet og gjer endeleg vedtak på budsjett og økonomiplan 2019-2022.





ÅL KOMMUNE

## Mål, verdier og milepælar for kommunen

Økonomiplanen skal vere forankra i kommuneplanen. I kommuneplanen for perioden 2015-2027 er følgjande *visjon* vedteken:

***Eit levande Ål for alle***

### Overordna mål :

- I Ål skal det vera godt å bu og leva.
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert.
- Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar.
- Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig.
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar.
- Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar.

### Verdiar for organisasjonen

Rådmannsteam har, saman med avdelingsleiarane, kome fram til tre verdier som skal leggest til grunn i vår framferd og oppgåveløysing . Vi vil i 2019 jobbe vidare med å innarbeide desse i heile organisasjonen.

**Open**

**Modig**

**Grundig**

### Milepælar for det krevjande budsjettåret 2019

- Vidare utvikling av godt leiarskap.
- Finne ein god strategi for utvikling av organisasjonen innanfor ei strammare økonomisk ramme.
- Kulturhus – avslutning av byggeprosjektet og igangsetting av drifta.
- Involvere innbyggjarane meir i utvikling av lokalsamfunnet (kommune 3.0)
- Finne forbettringsområde.






ÅL KOMMUNE

## DRIFTSBUDSJETTET

### Økonomisk stode for kommunen

Ved framlegging av statsbudsjettet for 2017, peika Fylkesmannen i Buskerud på 5 område som er viktig for ein god kommuneøkonomi, og figuren kan også nyttast for 2019:



Kommunen sitt netto driftsresultat er negativt. På noverande nivå er det vanskeleg å sette av midlar til fond og investeringar. Gjeldsbelastinga ved utgang av 2017 er moderat (siste kjent rekneskap).

Likviditeten er middels og frie fond utgjer 9,5 % av driftsinntektene pr.31.7.2018.

Kommunen er i dag eit godt stykke frå Robek-lista . Likevel, skal ein unngå å gje frå seg styringsfullmakter til Staten, må kommunen inn på eit berekraftig driftsnivå med eit årlig netto driftsoverskot på 1-3 %.

Den renteeksponerte netto gjelda der ein held sjølvkostlån utanfor er over 312 mill.kr. Dette gjer kommunen sårbar til endringar i renta. Det er varslet en auke i rente frå 2019.

Til slutt- med kraftpengane innbakt i drifta, er kommunen, og drifta, eksponert mot svingingar i kraftprisane. Ved ein auke i overskotet frå kraft, er det viktig at midlane blir sett av til fond , og at ein ikkje friskmelder økonomien på eit høgt og kraftavhengig nivå.







ÅL KOMMUNE

## Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt.

Fylkesmannen anbefaler at netto driftsresultat for kommunane bør vere på minimum 1,75 %. Eit positivt netto driftsresultat betyr at kommunen har rom til å eigenfinansiere investeringar og/eller kan gjere avsetningar til seinare bruk. Eit godt netto driftsresultat er viktig for å oppretthalde kommunen si handlefridom.

Netto driftsresultat for Ål har gått kraftig ned dei siste åra, og for 2019 er det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på **kr – 4 538 000**. Dette talet kan endra seg i rekneskap. Sjå tabell under.

Eit netto driftsresultat på 1,75 % utgjer kr. 9 mill. for Ål kommune.

### Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter 2012-2017 (rekneskap)

Resultatmål (tal i mill.kr)	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Brutto driftsresultat	1,3	6,4	-2,2	-6,6	11,1	-16,5
Netto driftsresultat	14,9	19,4	9,2	4,6	18,8	6,8
Samla driftsinntekter	513,9	529,1	538,6	529,1	571	587,7
Samla driftsutgifter	512,6	522,5	540,8	535,6	559,9	604,3
Brutto resultatgrad (%)	0,3	1	-0,4	-1,2	1,9	-2,8
Netto resultatgrad (%)	3	3,7	1,7	0,8	3,3	1,2
Meir (-) / mindreforbruk	7,5	6	0,4	9,4	11,4	12

## Gjeld

Kommunen har teke opp og vedteke renteberande lån (ca. kr. 337,7 mill. pr.1.1.2018.).

Ein del av låna er knytt opp til utbygging av sjukeheimplassar, omsorgsbustader og skulebygg. Dei statlege tilskota til rentekompensasjon knytt til desse låneopptaka vil bli justert ved renteendringar.

Avdraga på eksisterande lån er faste. Rente og avdragseffekt på nye lån er avhengig av når på året lånet blir teke opp, og til kva vilkår, og ikkje minst i kva grad og tempo utbyggingar vert gjort og prioritert. Den store auken på finansområdet i budsjettet har samanheng med reduserte innskot og innskotsrente, men fyrst og fremst auka låneopptak med renter og avdrag.

### Utvikling av renteberande lånegjeld (eks. Startlån ca. 40 mill.)

<b>Langsiktig gjeld i mill. kr</b>	<b>2019</b>
Lån pr. 01.01.18 (inkl. ubrukke lånemidlar)	<b>337,7</b>
Avdrag i 2018	-15,6
Nytt låneopptak i 2018	18,1
Totalt låneopptak i 2018	340,2
Rådmannens innstilling på lån i 2019	<b>108,5</b>
Avdrag på lån i 2019	-17,4
<b>Prognose for lånemasse ved utgangen av 2019</b>	<b>*431,3</b>
<b>Netto lånemasse til egne investeringar</b>	<b>281,5</b>

\* Av denne gjelda er

- ca. 88 mill. knytt opp mot gebyrfinansierte tenester (ca.kr. 82 mill. for 2017 og kr.6 mill. for 2018. Planlagde investeringar i 2019 utgjer kr. 54,1.mill.

- ca. 61,8 mill. betjent av andre

Renterisikoen er mindre på denne delen av gjelda





ÅL KOMMUNE

I 2017 hadde Ål kommune ei netto gjeld pr. innbyggjar på kr. 67 500. Gjennomsnittet for samanstillingsgruppa er Kr. 86.246 pr. innbyggjar, medan fylkesgjennomsnittet er på kr. 40.719 pr. innbyggjar.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Netto lånegjeld*</b>	138 437	162 427	171 698	230 465	375 109	312 298
<b>Pr. innbyggjar</b>	29,2	34,5	36,4	48,9	79,5	67,5
<b>Banklån</b>	182 363	225 400	286 833	283 492	449 086	377 215

Beløpet kr.377.215.000 er inklusivt starlån på kr. 40 mill.

## Renter

Rentenivået har vore lågt dei siste åra. Dette gjev kommunen reduserte renteinntekter. Renteutgifta er aukande grunna fleire lån. Lån frå 2014 på kr. 70 mill., har ei fastrente på 2,3 % i 10 år. Rente på eksisterande og vedtekne nye lån er sett til 1,94 % der renta er flytande. Innskotsrenta er sett til 1,5 %. Det er venta ein stigande rente- og avdragsprofil i eit lengre tidsperspektiv, noko som vil binde meir midlar til finansområdet. Dette vil krevje innstramming på drift og/eller investering elles.

Vi er inne i ei tid med låg rente både på innskot og innlån og satsane vil difor kunne avvike frå det som er nemnt ovanfor. Det er forventa ei rente på 2,04% i 2019, 2,49 % i 2020, 2,92% i 2021 og 2,84% i 2022.

## Likviditet

Ål kommune har god likviditet. Vi har alltid hatt evna til å handtere våre plikter.

Pr. 31.12.17 var det kr. 41,6 mill. på fond (eks. avsetning og bruk i 2018). Dette gjer at vi gjennom året har nok midlar til våre plikter. Det har også gjort at det ikkje er naudsynt å gjere låneopptak før på slutten av året.

Konto	Fond	Saldo pr. 31.12.17	Avsetning 2018	Bruk 2018	Saldo pr. 31.12.2018	Avsetning 2019	Bruk 2019	Saldo pr. 31.12.2019
25101000	Næringsfond	19 350 460	7 280 000	-7 776 000	18 854 460	7 317 000	-7 482 000	18 689 460
25102000	Jordbruksfond	2 105 510	100 000	-240 000	1 965 510	100 000	-240 000	1 825 510
25102900	ADA scholarship	42 207			42 207			42 207
25103001	Fiskefond uster.	327 233	15 000	-16 000	326 233	15 000	-16 000	325 233
25103002	Fiskefond Rødungen	372 866	15 000		387 866	15 000		402 866
25105001	Fond Tretterud eldrebo, jfr bank 2320.32.58003	956 028	40 000		996 028	40 000		1 036 028
25105003	Landskaps og miljøfond Øygard	617 359	10 000		627 359	10 000		637 359
25105004	Viltfond, HNR 55/01	153 674	4 000		157 674	4 000		161 674
25105005	Landskaps og miljøfond Naturtorv	55 376			55 376			55 376
25105930	Gåvemiddelkontoen	700 473			700 473			700 473
25105940	Vinkonto	183 753			183 753			183 753
25202212	Kriminalitetsforebyggande arbeid SLT	93 332			93 332			93 332
25204920	Dekking av tap på etableringslån jfr P302	374 036			374 036			374 036
25206350	Sjølvkostfond vatn jfr. teneste 3401	1 842 564			1 842 564		-629 000	1 213 564
25206351	Sjølvkostfond renovasjon jfr. teneste 3551	0	350 000		350 000			350 000
25206352	Sjølvkostfond slam jfr. teneste 3541	159 500	207 000		366 500	65 000		431 500
25206353	Sjølvkostfond kloakk jfr. teneste 3531	4 523 891		-1 192 000	3 331 891		-491 000	2 840 891
25208020	Gåvefond Tretterud eldrebo 2012	6 149			6 149			6 149
25301000	Kapitalfond	11 457			11 457			11 457
25505057	Skatepark, gåve	25 660			25 660			25 660
25601000	Disposisjonsfond drift Ksak 44/09	41 634 524	14 476 000	-1 351 000	54 759 524		-3 209 000	51 550 524
25601002	Flyktningfond	1 412 012			1 412 012			1 412 012
	<b>TOTALT</b>	<b>74 948 066</b>	<b>22 497 000</b>	<b>-10 575 000</b>	<b>86 870 066</b>	<b>7 566 000</b>	<b>-12 067 000</b>	<b>82 369 066</b>





ÅL KOMMUNE

## ROBEK

ROBEK er eit register over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse. Kommunar og fylkeskommunar i ROBEK må ha godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å kunne foreta gyldige vedtak om låneopptak eller langsiktige leigeavtaler, samt at det blir kontrollert om budsjettvedtaka til desse kommunane/fylkeskommunane er lovlege.

Ål kommune har ikkje vore i nærleiken av å kome på ROBEK.

### *Ramme for 2019 budsjettet – generelt*

Kommunebudsjettet skal innehalde driftsbudsjett og investeringsbudsjett. Det er ingen formkrav til økonomiplanen.

**Driftsbudsjettet** skal innehalde alle inntekter og utgifter i året, avsetningar til bruk i seinare år og avsetning til finansiering av tiltak i investeringsbudsjettet. Taldelen blir vist i to skjema.

Skjema 1A viser frie disponible inntekter, finanspostar og fondsbruk/-avsetting og endar opp i ein nettosum til fordeling på dei ulike sektorane/einingane. Skjema 1B viser fordeling av nettoramme på kvar sektor/eining.

**Investeringsbudsjettet** er ei oppstilling av investeringar, bruk av lånemidlar, forventa inntekter og innbetalingar. I tillegg kjem oppstilling over utlån og investeringstiltak.

Skjema 2A syner samla investeringar og finansiering, medan skjema 2B syner kvart prosjekt.

Ål kommune får ein vekst i frie inntekter på 2,4 %, mens gjennomsnittet i Buskerud er 3,1 %.

Lønssoppgeret for 2018 viser ei auke på ca. 3 %. Når løn utgjer 80 % av utgiftsbudsjettet, får det store konsekvensar for økonomien.

Det er ikkje realvekst i frie inntekter til Ål kommune. Ein deflator på 2,8% skulle tilseie ei auke og ikkje ein reduksjon.

### **Endringar frå budsjettet for 2017**

Kommunen sine inntekter legg ramma for aktiviteten i dei komande fire åra. Retningslinene for økonomisk styring, som kommunestyret tidlegare har vedteke, krev at ein ser handlingsramme, investeringsnivå og kraftverksoverskot i samanheng. Kommunestyret har justert handlingsramma gjennom vedteke investeringar finansiert ved låneopptak. Alle kraftpengane nyttast i drifta i rådmannens budsjettframlegg.

Utgangspunktet for utarbeiding av budsjettet for 2019 var ei vidareføring av 2018-nivå og innanfor dei forventa samla driftsinntektene.





ÅL KOMMUNE

### **Følgjande retningslinjer er lagt til grunn i rådmannens budsjettframlegg:**

Kommunen sine inntekter legg lista for totalramma. Det er synleggjort innsparingsbehov i rådmannen sitt endelege forslag for å få økonomisk balanse.

Særskilde driftstiltak for 2018 som ikkje skal vidareførast, er trekt ut av ramma, og nye særskilde vedtekne tiltak/utgifter for 2019 er lagt inn.

Ramma til kvar avdeling/sector vert justert og tilpassa slik at løn og sosiale utgifter vert budsjettert med lønssatsar etter årets lønsoppgjer (2018).

I samsvar med tidlegare praksis har rådmannen sett av ein sum på fellesområde 'til fordeling', for å dekke lønsjustering i 2019. Frå denne posten vil sektorar/ avdelingar få tilført midlar til å dekke opp verknaden av lønsoppgjeret neste år som ikkje er kjend når budsjettet blir vedteke.

På kap. 0 Fellesutgifter er det avsett kr. 5,5 mill. til lønsoppgjer i 2019.

I tillegg er det budsjettert med ei leigeinntekt frå Vestre Viken på kr. 5,2 mill. på fellesområdet. Dette er generell husleige som ikkje skal synleggjerast på helsesektoren.

Overskot/utbytte frå Ål kraftverk er budsjettert med 27 mill. kroner. Det meste går inn i drifta for å dekke opp renter og avdrag og andre driftsutgifter.





## Ramme for 2019 budsjettet – inntektene

## Skjema 1A – drift

	KOSTRA-ART	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Økoplan 2020	Økoplan 2021	Økoplan 2022
Alle tal i 1000 kr							
Kommunen sine frie inntekter:							
1	Skatt på inntekt og formue	870	-138 426 860	-131 027 000	-140 192 000	-140 192 000	-140 192 000
2	Ordinært rammetilskot	800	-145 574 191	-152 632 000	-151 096 000	-151 096 000	-151 096 000
3	Skatt på eigedom	874	-36 968 407	-38 000 000	-35 300 000	-35 300 000	-35 300 000
4	Andre direkte og indirekte skattar	877	-6 983 299	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000
5	Andre generelle statstilskot	700+810	-18 235 632	-14 155 000	-9 271 000	-9 089 000	-9 089 000
<b>SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>			<b>-346 188 389</b>	<b>-342 814 000</b>	<b>-342 677 000</b>	<b>-342 677 000</b>	<b>-342 677 000</b>
6	Renteinntekter og utbytte	900+905	-14 948 186	-22 940 000	-29 191 000	-28 940 000	-28 940 000
7	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	500	7 351 336	6 200 000	8 200 000	10 200 000	12 100 000
8	Avdrag på lån	510	17 546 620	18 536 000	17 400 000	20 900 000	22 900 000
<b>NETTO FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER</b>			<b>9 949 770</b>	<b>1 796 000</b>	<b>2 160 000</b>	<b>4 960 000</b>	<b>6 060 000</b>
Til dekning av tidlegare års meirforbruk							
		530		0	0	0	0
9	Til ubunde avsetningar	540+548+560	11 521 348	0	0	0	0
10	Til bunde avsetningar	550	7 477 229	8 021 000	7 529 000	8 018 000	8 018 000
	Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	930	-11 407 000	0	0	0	0
11	Bruk av ubunde avsetningar	940+960	-3 462 000	0	-3 209 000	0	0
12	Bruk av bunde avsetningar	950	-8 825 466	-9 947 000	-8 858 000	-8 558 000	-8 558 000
0	<b>NETTO AVSETNINGAR</b>		<b>-4 695 889</b>	<b>-1 926 000</b>	<b>-4 538 000</b>	<b>-540 000</b>	<b>-540 000</b>
13	Overført til investeringsbudsjettet	570	0	0	0	0	0
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>			<b>-340 934 508</b>	<b>-342 944 000</b>	<b>-341 057 000</b>	<b>-338 257 000</b>	<b>-337 157 000</b>
<b>SUM FORDELT TIL DRIFT (FRÅ SKJEMA 1B)</b>			<b>328 858 613</b>	<b>342 944 000</b>	<b>351 458 460</b>	<b>351 458 460</b>	<b>351 458 460</b>
16	<b>MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK</b>	980/580	<b>-12 075 895</b>	<b>0</b>	<b>10 401 460</b>	<b>13 201 460</b>	<b>14 301 460</b>

Forklaring til skjema 1A:

### 1. Skatt på inntekt og formue

Dei frie inntektene til kommunane består av rammetilskot og skatteinntekter.

Nivået på dei frie inntektene blir bestemt ut frå pris- og lønsvest, vekst i frie inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, satsingar over rammetilskotet og korreksjon av rammetilskot for oppgåveendringar. Når nivået på samla frie inntekter er fastsett, kjem ein fram til storleiken på samla rammetilskot ved å trekkje anslaget for skatteinntekter frå nivået på samla frie inntekter.

Det overordna føremålet med inntektssystemet er å bidra til at kommunane kan gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader (utgiftsutjamning) og skilnader i skatteinntektene (skatteutjamning).

Ål kommune har tidligare hatt ca. landsgjennomsnittet pr. innbyggjar i skatteinngang. Pr. august 2018 hadde kommunen ein skatteinngang på 102,3 % av landsgjennomsnittet. Kommunen blir kompensert eller nedjustert for noko av dette gjennom inntektsutjamning, men ikkje alt.





ÅL KOMMUNE

## 2. Rammetilskot

### Frie inntekter

Det nye inntektssystemet legg opp til mindre øyremarking og meir ressursar som frie og disponible for kommunane. Frie midlar utgjer no 85 % av kommunanes samla inntekter.

På bakgrunn av systemendringar og fordelingsverknader mellom skatteinntekt og rammetilskot ser rådmannen det tenleg å sjå desse inntektene i samanheng for å få oversyn over historikk og utvikling.

### Kommuneproposisjonen og statsbudsjettet

Kommunen sine "frie inntekter" blir i stor grad fastsett av Stortinget gjennom rammer til kommunesektoren og fastsetjing av det kommunale skatteøre.

Regjeringa legg opp til ein realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2019 på om lag 1,9 mrd. kroner, det tilsvarar 0,4%. Vidare legg Regjeringa opp til realvekst i frie inntekter på knapt 2,6 mrd. kroner, det tilsvarar ein realvekst på 0,7 %. Deflator for 2019 er sett til 2,8% (utgiftsauke).

Ål kommune får ein auke i frie inntekter på 2,4 %, det vil sei at Ål kommune ikkje får frie inntekter som dekker forventa utgiftsauke.

### Hovudpunkt med verknad på økonomiplanen og statleg overføring :

For kommunebudsjettet og utviklinga i kommunen er det dei frie inntektene som betyr mest. Her er anslaget for Ål kommune ein nominell vekst i 2018 på 2,4 % frå forventa inntekt i 2019.

Kostnadsveksten i kommunane er berekna til å bli 2,8% (deflator).

Rammetilskotet er basert på innbyggjartal frå 01.07.2018 med 4 662 personar.

Storleiken på, og utvikling av dei frie inntektene, er særleg avgjerande for vurderinga av dei økonomiske føresetnadane og handlefridomen ein kan leggje til grunn i økonomiplanen.

Rammetilskotet for Ål inneheld: Innbyggjartilskot, utgiftsutjamning, saker med særskild fordeling, inntektsgarantiordning, inntektsutjamning og distriktstilskot. Forventa rammetilskot for 2019 utgjer kr. 147 640 000.

**Innbyggjartilskotet** blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp pr. innbyggjar. Tilskotet blir omfordelt ved at ein tek omsyn til utgifts- og inntektsutjamning. Innbyggjartilskotet blir basert på folketal pr. 01.07. året før budsjettåret.

**Utgiftsutjamning** skjer ved ei omfordeling av delar av innbyggjartilskotet frå kommunar som er *lettdrivne* til kommunar som er *tungdrivne*. Kriteria som blir lagt til grunn er objektive og kommunen kan ikkje sjølv påverke desse. Ål kommune blir etter dei objektive kriteria rekna for å ha eit utgiftsbehov i 2019 som er 11,09 % høgare enn landsgjennomsnittet (11,88 % i 2018). Dette avviket får kommunen kompensert med til saman 25,9 mill.kr.

**Inntektsutjamning:** Pr. august 2018, ligg Ål an til å få ein skatteinngang på 102,3 % av landsgjennomsnittet. Ut frå dette og systemomlegginga (inntektsgaranti for alle kommunar) er det berekna ein utjamning på kr.444.000.





ÅL KOMMUNE

**Inntektsgarantiordninga:** Utslag av inntektssystemet som mellom anna skal bidra til meir fordeling mellom kommunane (inntektsgaranti-INGAR ) og kompensasjon for demografisk utvikling og kostnadsstruktur. Ål kommune blir kompensert med kr. 3.167.000 i 2019.

**Saker med særskild fordeling:** Regjeringa ynskjer å styrkje enkelt område i kommunesektoren. For Ål kommune utgjer styrkinga dette:


Frivilligsentraler (ordinær og ungdomsfrivilligsentral)	kr. 829 000
Helsestasjon/skulehelseteneste	kr. 754 000
Totalt	kr. 1 583 000

**Distriktstilskot** vart innført i 2009. Utarbeidd med bakgrunn i kommunen sin demografi, geografi og skatteinngang. Ål kommune får 3,8 mill.kr i 2019.

Overføring av rammetilskot frå staten blir tilpassa kommunen sine objektive behov og til vår utvikling i tal innbyggjarar i forhold til landets befolkningsutvikling. Det vil seie at overføringane mellom anna er knytt opp til tal barn på ulike aldersnivå og til tal eldre på ulike aldersnivå. Dette utgjer ein stor del av rammeoverføringa. Når tal barn blir redusert, blir rammeoverføringa redusert tilsvarande. Det same gjeld for tal eldre.

**Det har vore ein tydeleg trend i kommunen at tal barn blir færre. Fødselstalet har gått ned, og det samla elevtalet er minkande. Det fører til betydeleg reduksjon i dei statlege overføringane. På same tid ser vi ein trend til at tal eldre aukar, det fører til auka statlege overføringar. Samla sett gjer dette at dei statlege overføringane er relativt konstante. Fordelinga internt i kommunen må ta omsyn til dette. Det objektive behovet peikar mot ei ytterlegare dreining av ressursar frå oppvekst til helse.**

KS' prognose for utvikling i utgiftsbehov utfrå SSB-statistikk:





ÅL KOMMUNE

Ut frå analyse, informasjonen frå KRD, KS og egne tal tilrår rådmann følgjande :

- Skatteanslaget for 2019 vert sett til kr. 140,2 mill.
- Rammetilskotet for 2019 vert sett til kr. 151 mill.

Oversikt over budsjettert og rekneskapsført rammetilskot og skatt 2007-2019:

Rammetilskot		Skatt på formue og inntekt			Totalt	
År	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett
2007	55 559	55 067	97 861	98 900	153 420	153 967
2008	64 348	62 200	97 681	106 200	162 029	168 400
2009	79 694	75 100	104 529	108 500	184 223	183 600
2010	81 545	84 250	110 789	105 250	192 334	189 500
2011	117 810	117 000	103 638	103 000	221 448	220 000
2012	130 482	128 000	108 332	110 500	238 814	238 500
2013	134 134	133 000	112 284	114 000	246 418	247 000
2014	143 128	140 930	112 935	118 000	256 063	258 930
2015	139 624	141 000	119 963	117 000	259 587	258 000
2016	144 947	145 000	129 347	123 000	274 294	268 000
2017	145 574	151 000	138 427	127 600	284 001	278 600
2018		152 600		131 000		283 600
2019		151 100		140 200		291 300

### 3. Skatt på eigedom

I Ål kommune er det eigedomsskatt på "verk og bruk", med 7 promille i skatteøre. Hovudtyngda av skatten kjem frå kraftproduksjonsanlegg og overføringsliner.

Berekning frå eigedomsskattekontoret synte ein prognose på 23,3 mill. kr i 2018.

Dagens "verk og bruk" blir å anse som nærings eigedom frå og med 2019. Objekta i denne kategorien måtte difor retakserast i løpet av 2018. Endringar fører til at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknas med i eigedomsskattegrunnet for nærings eigedomar. Avviklinga skjer gradvis over 7 år. Prognose på 2019 er på kr. 23,2 mill. dvs. ein reduksjon på kr. 100.000.

Det vart innført generell eigedomsskatt frå 01.01.2017.

I budsjettet for 2018, vert det lagt inn eit anslag på kr. 14,7 mill., medan inntektene ført i rekneskapet er på kr. 12,1. Dette skuldast justeringar i takstane etter klagebehandling. Anslaget lagt i budsjettforslag for 2019 er på kr. 12,1 mill.

**Totalt anslag på eigedomsskatt for 2019 er på kr. 35,3 mill. mot kr. 38 mill. i 2018.**

Det er i statsbudsjettet reist usikkerheit i forhold til eigedomsskatt for verk og bruk framover.

### 4. Andre direkte og indirekte skattar

Eigarar av større vasskraftverk har plikt til å levere ein del av krafta som blir produsert til kommunane som blir berørt av kraftutbygginga, såkalla konsesjonskraft. Føremålet med konsesjonskrafta er å sikra vertskommunane ein del av verdiskapinga som vasskraftutbygginga gjev opphav til. Vertskommunane bidreg gjennom avståing av verdfulle naturressursar til denne verdiskapinga. Vasskraftverka betalar då ei avgift til kommunane. Avgifta er stabil og rådmannen tilrår 7,0 mill. kroner i året i heile planperioden. Heile beløpet blir avsett til Næringsfond.







ÅL KOMMUNE

## 5. Andre generelle statstilskot

**Frie statstilskot:** I tillegg til rammetilskotet frå staten får kommunen fleire generelle statstilskot som ikkje er øyremerka spesielle tiltak/føremål. Dei er ein del av kommunen sine frie disponible inntekter. Tala er basert på faktisk tilskot i 2018, føringar i kommuneproposisjonen og forventa rentenivå.

Det er søkt om busetting av flykningar i 2019. Dette er svært usikkert, vi har ikkje lagt det inn i budsjettframlegget. Dermed er integreringstilskot nedjustert frå kr. 12,5 mill. til kr. 7,6 mill.

Rentekompensasjon i samband med oppgradering /investering er lagt i budsjettforslaget. Beløpet utgjør etter opplysningar frå Husbanken, kr. 1 286 700 for 2019. Ein reduksjon på kr. 168.300 samanlikna mot 2018.

## 6. Renteinntekter og utbytte

Ål kommune har god likviditet og ein del pengar ståande på fond, men innskotsrenta er låg.

I budsjettet er det lagt inn forventa renteinntekt i 2019 på kr. 2,6 mill.

Overskotet frå Ål kraftverk er tidlegare år budsjettert på driftsramma til sektorane. Frå 2017 er dette budsjettert som utbytte i skjema 1A. Det er forventa eit overskot på Ål kraftverk i 2019 på kr. 27 mill.

## 7. Renteutgifter

Ål kommune har ved utgangen av 2018 ei lånegjeld på kr. 340,2 mill. Gjennomsnittrenta på låna er ca. 1,94%. Renteprognose for 2019 er på 2,04 %. Rådmannen budsjetterer med ein renteutgift på kr. 8,2 mill. Avdrag vil redusere låna, men slik det er lagt opp til i økonomiplanperioden, vil nye lån vere høgare enn avdraga. Dette medfører ein auke på kr. 2 mill. i renteutgifter.

## 8. Avdrag på lån

Kommunelovens §50 pkt 7a seier:

*«Kommunens samlede lånegjeld skal avdras med like årlige avdrag. Gjenstående løpetid for kommunens samlede gjeldsbyrde kan ikke overstige den veide levetiden for kommunens anleggsmidler ved siste årsskifte.»*

Alle lån i kommunen er serielån med like avdrag kvart år i lånet si løpetid. Det er difor lett å halde oversikt over kva avdrag kommunen skal betale frå år til år. Løpetida på Ål kommune sine lån varierer mellom 20, 25 og 30 år. Ut frå dei låna som er tekne opp pr. 2018, totalt kr. 340,2 mill., er avdraga rekna til 15,2 mill. Utfrå forventa investeringar og låneopptak i planperioden, vil avdraga auke frå 2019 og ligge på kr. 17-18 mill. ut planperioden.

## 9. Til bunde avsettingar

Heile konsesjonskraftinntekta på kr. 7 mill. blir avsett til Næringsfond. I tillegg blir renter av bunde fond som Næringsfond, Jordbruksfond, Fiskefond, Gåvemiddelkonto, avsett til bunde fond.





ÅL KOMMUNE

## 10. Bruk av ubunde avsetningar

Rådmannen ynskjer ikkje ei utvikling som legg fondsbruk inn som ein del av driftsgrunnlaget over tid, men også i 2019 ser rådmannen det som naudsynt å saldere budsjettet med bruk av disposisjonsfond.

## 11. Bruk av bunde avsetningar

Bunde avsetningar er inntekter som ved lov eller øyremerking frå ekstern gjevar, er gjeve til eit bestemt føremål. Avsetning og bruk av bunde avsetningar blir i hovudsak ikkje budsjettert.

Bruken av næringsfondet er regulert i vedtekter. Pengar frå fondet blir stort sett delt ut som tilskot, men noko går også til drift som rettar seg mot næringslivet i kommunen. Føremålet med næringsstilskot er å stimulere til nyskaping, nyetablering, knoppskyting, kompetanseheving eller andre utviklingstiltak tufta på varige og lønsame arbeidsplassar og verksemder i samsvar med Strategisk næringsplan sine mål og satsingsområde.

Det er søkt om ein auke i tilskot til løypekøyning med kr. 1,9 mill. Administrasjon tilrår ein auke på kr. 250 000. Frå kr. 950 000 i 2018 til kr. 1 200 000 i 2019. (Beløpet ble justert ned til kr. 1 mill. i F-skap møte den 12.11.18). Tilskot til Leveld kunstnartun på kr 100 000 og tilskot til sykkelsatsing på kr 250 000 er også innarbeidd i budsjettforslaget.

Oversikt over bruk i 2019:

Negativt forteikn		2018	2019	2020	2021	2022
<i>Næringsfondet:</i>						
Næringskontor	917	-754 000	-777 000	-777 000	-777 000	-777 000
Tilskot Ål utvikling	901	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Høge sprang	977	0	0	0	0	0
Næringsstilskot	903	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
Tilskot Kleivi næringspark	939	-869 000	-544 000	-544 000	-544 000	-544 000
Norsk landbruksrådgjeving (Hallingdal forsøksring)	943	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
Ål 52 (sommarfriluftsliv)	942	-27 000	-37 000	-37 000	-37 000	-37 000
Tilskot løypekøyning	946	-950 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Arrangementsfond	918	-230 000	-230 000	-230 000	-230 000	-230 000
Hallingdal Etablerarsenter	962	-91 000	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Budeienettverk	907	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000
Bry til Rødungen	908	-16 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Prosjekt for FoU /stilling	976	-815 000	-620 000	-620 000	-620 000	-620 000
Idrett og arrangementskoordinator		-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Papirbredden innovasjon	980	-70 000	0	0	0	0
Inn på Tunet	882	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Feten-Flævatn (veg)	909	-33 000	-33 000	-33 000	-33 000	-33 000
Geodataing 6020		-125 000	-125 000	-125 000	-125 000	-125 000
Sykelstig i fjellet	941	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Garasjeplassar Familiens hus		-20 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Tilskot Leveld kunstnartun			-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Sykkelsatsing			-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Nydyrking		-600 000	0	0	0	0
NM			-300 000			
<b>sum</b>		<b>-7 776 000</b>	<b>-7 482 000</b>	<b>-7 182 000</b>	<b>-7 182 000</b>	<b>-7 182 000</b>
Sjølvkostfond		-1 915 000	-1 120 000	-1 120 000	-1 120 000	-1 120 000
<i>Jordbruksfondet:</i>						
Tilskot frå jordbruksfondet		-240 000	-240 000	-240 000	-240 000	-240 000
<i>Fiskefondet:</i>						
Tilskot frå fiskefondet		-16 000	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000
<b>SUM</b>		<b>-9 947 000</b>	<b>-8 858 000</b>	<b>-8 558 000</b>	<b>-8 558 000</b>	<b>-8 558 000</b>





ÅL KOMMUNE

## 12. Til fordeling drift

Når ein legg saman frie inntekter, netto finansinntekter/-utgifter og netto avsetningar, får ein summen som kan fordelast som ramme på dei ymse driftsområda. For 2019 er ramma kr. 350.988.000.

## 13. Overført til investeringsbudsjettet

Ingen overføring til investeringsbudsjettet for 2019.

## 14. Sum fordelt til drift

Sum fordelt til drift er henta frå skjema 1B.

## Ramme for 2019 budsjettet – utgiftene

### Løn og pensjon

Det sentrale og lokale lønsoppgjeret i 2018 vart moderat (ca.3%), men likevel høgare enn det som er lagt til grunn i statsbudsjettet. Det gjev lite handlingsrom på andre postar.

Netto pensjonskostnaden som kommunen må dekke inn i budsjettet (KLP), er pr. oktober 2017 berekna til ca. 35 mill.kr.

På pensjon er det ein forskjell på det ein betalar og det ein bokfører og set inn i budsjettet. Denne forskjellen kallast premieavvik. Over tid har vi betalt meir enn vi har bokført.

Slike utbetalingar vil ha budsjettkonsekvens over tid, men i fyrste omgang redusere bankinnskot og renteinntekt. Kommunen nyttar seg av ein 7-års regel for å fase dei store avvika inn i budsjett og rekneskap. Denne regelen vert stadig stramma inn. Det betyr større årlege pensjonskostnadar og eit strammare budsjett.

### Avgiftsnivå og betalingsattsar

Sattsar for kommunale gebyr og avgifter blir handsama som eigne saker.

Budsjettrundskrivet har elles ein auke på andre inntekter tilsvarande deflator for 2019 på 2,6 %.

Inntektsramma på drift skal dekke netto finanspostar, netto avsetnader og driftsramma som er tildelt den einskilde driftseining og budsjettansvarleg. Med andre ord er det slik at drifts-inntektene bestemmer ramma ( sjå skjema 1A ).





ÅL KOMMUNE

## Skjema 1B - drift

Nærare omtale av korleis tala for kvar sektor kjem fram, blir synleggjort i kvar eining si planomtale. Både brutto inntekts- og utgiftramme og nettoramma kan ha store endringar på det einkilde budsjettområdet frå år til år. Dels kjem det av generelle endringar, men mest av tekniske flyttingar mellom områda. Bruttoamma er kr. 350.988.000, og er eit bilete på samla aktivitet.

SKJEMA 1B - DRIFT						
Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Økoplan 2020	Økoplan 2021	Økoplan 2022
<b>Til fordeling (0)</b>						
Sum inntekter	-5 383 173	-5 427 000	-11 476 000	-11 476 000	-11 476 000	-11 476 000
Sum utgifter	8 209 177	4 991 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>2 826 004</b>	<b>-436 000</b>	<b>-5 976 000</b>	<b>-5 976 000</b>	<b>-5 976 000</b>	<b>-5 976 000</b>
<b>Administrasjon og fellestenester (1)</b>						
Sum inntekter	-57 918 360	-52 301 000	-55 124 000	-55 124 000	-55 124 000	-55 124 000
Sum utgifter	98 176 514	95 378 000	98 022 000	98 022 000	98 022 000	98 022 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>40 258 154</b>	<b>43 077 000</b>	<b>42 898 000</b>	<b>42 898 000</b>	<b>42 898 000</b>	<b>42 898 000</b>
<b>Oppvekstsektor (2)</b>						
Sum inntekter	-40 217 565	-22 213 000	-20 618 000	-20 618 000	-20 618 000	-20 618 000
Sum utgifter	147 986 625	130 572 000	133 693 000	133 693 000	133 693 000	133 693 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>107 769 060</b>	<b>108 359 000</b>	<b>113 075 000</b>	<b>113 075 000</b>	<b>113 075 000</b>	<b>113 075 000</b>
<b>Helse- og sosialsektor (3)</b>						
Sum inntekter	-61 509 569	-31 314 000	-50 013 000	-50 013 000	-50 013 000	-50 013 000
Sum utgifter	176 591 454	158 473 000	184 696 000	185 096 000	185 096 000	185 096 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>115 081 885</b>	<b>127 159 000</b>	<b>134 683 000</b>	<b>135 083 000</b>	<b>135 083 000</b>	<b>135 083 000</b>
<b>Kultursektor (5)</b>						
Sum inntekter	-7 777 948	-3 587 000	-3 587 000	-3 587 000	-3 587 000	-3 587 000
Sum utgifter	17 993 662	12 897 000	14 048 000	14 048 000	14 048 000	14 048 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>10 215 714</b>	<b>9 310 000</b>	<b>10 461 000</b>	<b>10 461 000</b>	<b>10 461 000</b>	<b>10 461 000</b>
<b>Drift og vedlikehald (6)</b>						
Sum inntekter	-24 313 931	-12 084 000	-12 635 000	-12 635 000	-12 635 000	-12 635 000
Sum utgifter	78 731 934	67 937 000	70 193 000	70 193 000	70 193 000	70 193 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>54 418 003</b>	<b>55 853 000</b>	<b>57 558 000</b>	<b>57 558 000</b>	<b>57 558 000</b>	<b>57 558 000</b>
<b>Sjølvkostområda (7)</b>						
Sum inntekter	-29 622 909	-26 980 000	-28 678 000	-28 678 000	-28 678 000	-28 678 000
Sum utgifter	22 768 211	21 809 000	22 114 000	22 114 000	22 114 000	22 114 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>-6 854 698</b>	<b>-5 171 000</b>	<b>-6 564 000</b>	<b>-6 564 000</b>	<b>-6 564 000</b>	<b>-6 564 000</b>
<b>Andre einingar (8)</b>						
Sum inntekter	-37 740 985		0			
Sum utgifter	42 626 845	5 120 000	5 250 000	5 250 000	5 250 000	5 250 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>4 885 860</b>	<b>5 120 000</b>	<b>5 250 000</b>	<b>5 250 000</b>	<b>5 250 000</b>	<b>5 250 000</b>
<b>Inntekter/utgifter (9) som ikkje er med i skjema 1A</b>						
Sum inntekter	169289	-367000	-437000	-367000	-367000	-367000
Sum utgifter	89 341	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
<b>Netto driftsramme</b>	<b>258 630</b>	<b>327 000</b>	<b>-397 000</b>	<b>-327 000</b>	<b>-327 000</b>	<b>-327 000</b>
<b>FORDELTE TIL DRIFT</b>	<b>328 858 612</b>	<b>342 944 000</b>	<b>350 988 000</b>	<b>351 458 460</b>	<b>351 458 460</b>	<b>351 458 460</b>
<b>TIL FORDELING DRIFT (1A)</b>	<b>-340 934 508</b>	<b>-342 944 000</b>	<b>-350 988 000</b>	<b>-341 057 000</b>	<b>-338 257 000</b>	<b>-337 157 000</b>
<b>DIFFERANSE</b>	<b>-12 075 896</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10 401 460</b>	<b>13 201 460</b>	<b>14 301 460</b>





ÅL KOMMUNE

Forklaring til skjema 1B:

Til fordeling (0): Budsjettert premieavvik KLP 2019 med 6,2 mill. ligg her.  
Kr. 5,3 mill. er husleigeinntekt frå Vestre Viken.

Sektorane: Auka løn (inkl. ekstra auke i pensjon frå område 0) + auka utgifter til samarbeid.

Sjølvkost: Overskot dekker renter, avdrag og fondsbruk/avsetning som ligg i skjema 1A.

Skjemaet synte ein underbalanse på kr 10 100 000 før rådmannens innsparingsforslag.

**Rådmannen har saldert budsjettet slik :**

Innsparing oppvekstsektor	kr. 350 000 (reduksjon i utgifter til vaksenopplæringa)
Innsparing helsesektor	kr. 500 000 (auka inntekter ressurskrevjande brukarar)
Innsparing administrasjon	kr. 550 000 (reduksjon 50% stilling, reduksjon 100 000 kyrkje, reduksjon 100 000 politisk*)
Innsparing drift og utvikling	kr. 100 000 (auka inntekt på plan)
Budsjettering av premie avvik	kr. 6 200 000
Bruk av disposisjonsfond	kr. 2 400 000

\*Foreslått reduksjon i politisk utgifter ble innarbeidet i budsjettet att etter møte i formannskapet den 12.11.18.

\*\* Kommunestyret vedtok i budsjettbehandling den 13.12.2018 ein auke på kr. 615 000 på drift. Dette gjeld skulefrukt på kr. 115 000 og styrking av helsesektor på kr. 500 000.  
Endringar er innarbeida i budsjettet, difor aukar ramma til fordeling drift frå kr 350 373 000 til kr 350 988 000.





ÅL KOMMUNE

## INVESTERINGAR

### **Kva er skille mellom investeringsutgift og driftsutgift?**

Ål kommune sin økonomi er innretta slik at det historisk sett har vore mest press på driftsbudsjettet, medan investeringsbudsjettet har verka romslegare i og med at investeringar i hovudsak har blitt finansiert med kraftinntektene. Situasjonen i dag er at det er behov for kraftinntektene i drifta, så det er ikkje rom får å setja av desse til investeringar. Kommunestyret har lagt føringar for større investeringar som krev låneopptak.

Å binde opp kraftoverskotet til driftsutgifter er ikkje ynskjelig fordi det vil gjera drifta avhengig av endringar i energiprisane, både marknadspris og sjølvkostpris.

Beløpsgrensa for å rekne prosjekt som investeringsobjekt med varig eige og vesentleg verdi er kr 100.000. Kommunane vert oppmoda om å følgje anbefalingane i rekneskapsstandarden. Mindre investeringar kan såleis ikkje budsjetterast i investering og finansierast med lånemidlar, men må dekkast inn over driftsramma.

Løyvingar på investering er inklusiv mva ( brutto), bortsett frå på sjølvkostområdet, der løyvingar er eksklusiv mva (netto). Løyvingar i drift er eksklusiv mva (netto).

### **Større prosjekt i 2019**

- Utbygging Ål kulturhus

### **Vurdering og prioritering**

Rådmannen har justert noko på finansieringa i planperioden ut frå forventa framdrift.

Finansieringa av utbygging av dansesal/utvikling kulturhus er lagt inn med 11,3 mill. kr i 2018 og 58,1 mill. kr i 2019. Også her er tala brutto inkl. mva. Ekstern finansiering og mva-refusjon blir også her ein del av finansieringa, og den står i skjema 2 b.

Investeringane innanfor sjølvkostområdet vil kunne medføre endring på gebyr.

**Rådmannen legg opp til ein offensiv investering i 2019 og eit moderat investeringsnivå på andre områder i planperioden.**

## Investeringsramme –bruk av kraftoverskot

**Årleg renter og avdrag på investeringa i kommunen skal ikkje overstige forventa og disponibelt årleg overskot frå Ål kraftverk.**





ÅL KOMMUNE

Rådmannen si skisserte ramme til investeringar kjem fram i skjema 2b (nedanfor). Investeringane og finansieringa er vist i skjema 2A og 2B under.

## Skjema 2A – Investeringar, hovudoversikt

Alle tal i 1000 kr	KOSTRA-ART	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Økoplan 2020	Økoplan 2021	Økoplan 2022
1 Investering i anleggsmidler (frå skjema 2B)	010-490,500	29 050 000	145 950 000	30 557 000	35 600 000	10 900 000
2 Kjøp av aksjer	529	1 300 000	1 650 000	1 650 000	1 650 000	1 650 000
3 Utlån og forskotteringar	520	8 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
4 Avdrag på lån	510	964 000	1 926 000	1 926 000	1 926 000	1 926 000
Avsetningar	548-550	0	0	0	0	0
<b>ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV</b>		<b>39 314 000</b>	<b>153 526 000</b>	<b>38 133 000</b>	<b>43 176 000</b>	<b>18 476 000</b>
Finansiert slik:						
5 Bruk av lånemidler	910	-14 640 000	-108 555 000	-27 267 000	-32 320 000	-8 800 000
6 Bruk av lån Husbanken	910	-8 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Inntekter frå sal av anleggsmidler	660,670,929	0	0	0	0	0
7 Tilskot til investeringar	800-850,880-890	-8 800 000	-19 025 000	0	0	0
8 Motteke avdrag på utlån	920	-964 000	-1 926 000	-1 926 000	-1 926 000	-1 926 000
9 Mva-kompensasjon	729	-5 610 000	-18 370 000	-3 290 000	-3 280 000	-2 100 000
<b>SUM EKSTERN FINANSIERING</b>		<b>-38 014 000</b>	<b>-151 876 000</b>	<b>-36 483 000</b>	<b>-41 526 000</b>	<b>-16 826 000</b>
Overført frå driftsbudsjettet (frå skjema 1A)	970	0	0	0	0	0
10 Bruk av avsetningar	940-950	-1 300 000	-1 650 000	-1 650 000	-1 650 000	-1 650 000
<b>SUM FINANSIERING</b>		<b>-39 314 000</b>	<b>-153 526 000</b>	<b>-38 133 000</b>	<b>-43 176 000</b>	<b>-18 476 000</b>
<b>UDEKKA/UDISPONERT (+/-)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

1. Totale investeringar jf. 2B
2. Eigenkapitalinnskott KLP
3. Startlån
4. Innbetaling av avdrag på lån i Husbanken (startlån)
5. Låneopptak
6. Låneopptak Husbanken til vidare utlån
7. Tilskot til kulturhuset
8. Motteke avdrag på startlån (frå låntakar)
9. Prognose mva-kompensasjon
10. Kommunen kan ikkje låne til kjøp av aksjar, må bruke av fond





ÅL KOMMUNE

## Skjema 2B – Investeringar, oversikt over prosjekt

SKJEMA 2B - INVESTERINGAR					
Alle tal i 1000 kr, Brutto ink mva.					
Prosjektnamn:	Økonomiplanperioden				
	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Økoplan 2020	Økoplan 2021	Økoplan 2022
<b>Felles :</b>					
1 Eigenkapital innskot KLP	1 300 000	1 650 000	1 650 000	1 650 000	1 650 000
2 Kyrkja	100 000	100 000			
3 Fellespott utstyr/inventar	450 000	450 000	900 000	900 000	900 000
<b>Sum for Felles/rådmann</b>	<b>1 850 000</b>	<b>2 200 000</b>	<b>2 550 000</b>	<b>2 550 000</b>	<b>2 550 000</b>
<b>Drift og utvikling</b>					
4 Utskrifning maskiner, renhald og nettbrett		200 000			
5 renovering av leiligheter Brattebakken		600 000	600 000	600 000	
6 adgangskontroll Tingstugu			1 000 000		
7 utskrifning av maskiner veg og park		1 000 000	1 000 000	3 000 000	
8 ventilasjonanlegg Tingstugu					3 000 000
9 Bustad-/Næringsstort(næring-/ utb-fond	500 000	500 000	500 000		
10 Grunnkjøp	200 000	200 000	200 000	200 000	
Bil vaktmeistertenesta	300 000				
11 Sentrumsutvikling	300 000	200 000	300 000	300 000	300 000
12 Opprusting veg /asfaltering/gatejøs	3 500 000	1 800 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
13 gatejøs		300 000	300 000	300 000	300 000
Branntrygging	200 000	0			
Skilting/Sikring	100 000	0	0		
14 Trafikktryggleik	0	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
15 <b>Brå Trillhus</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 700 000</b>			
16 <b>Turveg Oppsjø</b>		<b>750 000</b>	<b>750 000</b>		
17 <b>Restaurering av kastebua</b>		<b>250 000</b>			
18 <b>Helsetunet</b>	<b>0</b>	<b>750 000</b>			
<b>Sum for drift og utvikling</b>	<b>6 100 000</b>	<b>9 750 000</b>	<b>9 650 000</b>	<b>9 400 000</b>	<b>8 600 000</b>
<b>Helse- og omsorgssektoren</b>					
19 Tilrettelegging Stugu 1	500 000	700 000			
20 Tilrettelegging Stugu ventilasjon		4 000 000			
21 Nye digitale tryggingssalarmer	500 000	200 000			
22 budstad ein brukar		3 500 000			
23 Prestegardsjordet( avd miljøterapi)	0	1 000 000	1 000 000		
24 Velferdsteknologi	600 000	500 000	500 000	500 000	500 000
25 brannforskrift rømningsveg av Stugu		600 000			
26 Bilar helse/sosial, heimetenester	1 500 000	800 000	600 000	600 000	
<b>Sum for helsesektoren</b>	<b>3 100 000</b>	<b>11 300 000</b>	<b>2 100 000</b>	<b>1 100 000</b>	<b>500 000</b>
<b>Kultur</b>					
27 Lydlys utstyr		750 000			
28 Ål kulturhus utbygging	11 000 000	58 175 000	0		
29 Lydanlegg til dansesaler		3 125 000	0		
30 Ungdomsavdeling biblioteket	0	0	0		
31 Forskutting av spillemidler Sykkelsti i fjellet		0			
<b>Sum for Kultursektoren</b>	<b>11 000 000</b>	<b>62 050 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Oppvekstsektor</b>					
32 IKT-utstyr	1 800 000	3 300 000	500 000	500 000	500 000
33 Oppussing Leveld skule og ventilasjon	0	3 600 000	0	0	
Oppussing Nedre Ål skule			3 300 000	0	
0 Tilrettelegging Skattebøl skule	300 000	0			
Oppussing Skattebøl skule				3 000 000	
34 Varmeutveksling Ål ungdomskule		750 000			
Drenering Sando barnehage				1 500 000	0
35 Avløp Sando barnehage		300 000			
36 Leikeapparat skule/barnehage jf .plan	200 000	250 000	0	0	
<b>Sum for oppvekstsektoren</b>	<b>2 300 000</b>	<b>8 200 000</b>	<b>3 800 000</b>	<b>5 000 000</b>	<b>500 000</b>
<b>SUM INVESTERINGAR</b>	<b>24 350 000</b>	<b>93 500 000</b>	<b>18 100 000</b>	<b>18 050 000</b>	<b>12 150 000</b>
<b>Finansiering</b>					
Låneopptak	-8 640 000	-54 455 000	-13 160 000	-13 120 000	-8 400 000
Bruk av kapitalfond	0	0	0		
Bruk av næringsfond	0	0	0		
Mva-refusjon	-5 610 000	-18 370 000	-3 290 000	-3 280 000	-2 100 000
Statstilskot Hallingdal sjukestugu	0	0	0		
Ekstern finansiering Ål kulturhus	-8 800 000	-19 025 000	0		
Sal av kommunale bygg (Doktorn)?					
Ekstraordinært avdrag lån	0	0	0		
<b>Bruk av disposisjonsfond</b>	<b>-1 300 000</b>	<b>-1 650 000</b>	<b>-1 650 000</b>	<b>-1 650 000</b>	<b>-1 650 000</b>







1. Prognose frå KLP. Det er ikkje høve til å låne til dette.
2. Rullestolinngang Torpo kyrkje.
3. Pott til uforutsette utgifter, kan berre nyttast i investering pga. lånefinansiering.
4. Effektivt reinhald krev utskifting av golvvaskemaskiner og anna utstyr.
5. Omsorgsleilegheitene i Brattekammen treng standardheving (bad, kjøkken, golv, betre isolering og nye vindauge), lagt inn midlar til å kunne heve standard på 2 husvere årleg.
6. Nøkkelsystemet er gammalt og slitt og det er ikkje mogleg å få tak i nye låsesylindrar.
7. Det har ikkje vore sett av midlar til utskifting av maskinparken dei siste åra, makinene er i bruk mange hundre timar årleg og følgjande utskifting er naudsynt framover: minitraktor og skjær i 2019, kantklippar i 2020, gravemaskin og traktor i 2021.
8. Gamle ventilasjonsanlegg både på ny og gamal del av Tingstugu er modne for utskifting, men behovet er ikkje akutt så investeringane er forskuvt i tid til 2022 og seinare.
9. Ål kommune sin del av kostnader i samband med regulering næringsstomter Gullhagen og Oppsjøtippen. Gjera i stand byggeklare tomter Granhagen og evt fortetting på kommunal grunn nedanfor Stavevegen 27 og på Stavin.
10. Diverse grunnkjøp, gamle saker.
11. Endring av reguleringsplan (endring Myren), evt nye parkeringsløyser og ny møteplass/parkareal
12. I 2019 vert bruvedlikehald prioritert og frå og med 2020 er det sett av det nivået på opprusting/asfaltering som vegplanen tilrår for å unngå aukande forfall.
13. Årlege midlar til utskifting av armaturar. Totalt skal 380 gamle armaturar som må skiftast til ein kostnad på om lag kr 6 500 pr stk.
14. Jf. prioriterte tiltak i plan for trafikktryggleik. Eigne kommunale midlar som dekker 40% av kostnadsoverslag kan utløyse tilskot frå staten til resterande 60%.
15. Pålagt tilsyn av bruer har avdekt at det er naudsynt med omfattande renovering av denne brua i 2019.
16. Ål IL sitt prosjekt, spleiselag med mange ulike finansieringskjelder. Vil gjera elva tilgjengeleg for bebuarane på helsetunet og resten av innbyggjarane. Viktig for folkehelse og nærfriluftsliv.
17. Kastebua i kyrkjeparken er Ål kommune sitt ansvar og omfattande restaurering trengs i 2019 for at bygget ikkje skal rasa overende.
18. Siste utbetaling til Veidekke som er halde attende i påvente av utbetring av mangelliste.
19. Ute arealet utanfor Stugu (opp mot Helsetunvegen) må tilpassast til demente. Området må vera innbydande – men også trygt slik at ein kan nytte den på egen hand uten gå seg bort.
20. HAVA har laga ein inneklimateundersøking som konkludera med at ventilasjonen /inneklimate bryter med arbeidsmiljølova.
21. Der er sett av midlar i 2018 til utskifting av alarmar. Ein har enda ikkje laga kravspesifikasjonen – og summen på investeringa er difor svært usikker.
22. Me må bygge / tilpasse ein spesialbustad.
23. Fleire av omsorgsbustadane på Prestegardsjordet er ikkje pussa opp sia dei vart tatt i bruk i 1991. Vedlikehaldet er slett.
24. Velferdsteknologi.
25. Avdeling Stugu oppfyller ikkje brannforskrift om sikra rømmingsveg.
26. Vurderer ny buss.
27. Lydlys utstyr
28. Kulturbygg





ÅL KOMMUNE

29. Lydanlegg på nye Ål Kulturhus
30. Ungdomsavdeling biblioteket (budsjettet i 2016)
31. Forskoterer av spillemidlar sykkelsti i fjellet. (eiga sak til kommunestyret) Tekes ut etter f-skap vedtak den 3.12.2018
32. IKT-investering: Oppvekstsektoren i Ål er i gang med å innføre og å ta i bruk digitale verktøy for alle elevar i grunnskulen.
33. Leveld skule treng rehabilitering og ny ventilasjonsløyising.
34. Grunnmur har vasslekkasje og treng drenering.
35. Avløp Sando barnehage etter pålegg.
36. Kommunen skal halde 10 ulike leikplassar oppgraderte.

Låneopptak er ekskl. sjølvkost. Det er ikkje høve til å låne til aksjar (eigenkapitalinnskot KLP), dette må dekkast av fond.

## Skjema 2B – Investeringar, oversikt over prosjekt sjølvkost

SKJEMA 2B - INVESTERINGAR SJØLVKOST					
Alle tal i 1000 kr, Brutto ink mva.					
Prosjektnamn:	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Økoplan 2020	Økoplan 2021	Økoplan 2022
<b>Sjølvkostområdet</b>					
1 Avløp i Leveld	5 700 000	3 000 000	0		
2 Rehabilitering ledningsnett		2 400 000	500 000	500 000	
2 Gulv på Ål renseanlegg			100 000	100 000	100 000
3 Overføringsledning Votndalen		38 000 000	2 707 000		
Gamlevegen				5 500 000	
Trolldalsvegen jernledning				200 000	
Skoletoppen rehab.			1 500 000		
Vannledning Stavevegen			4 000 000		
Vesterøy gangveg Stasjonsveg rehab.				1 000 000	
Ny brønn Torpo VV ved Hallingselva				1 700 000	
Omrører Sunde renseanlegg				400 000	
Bil 3 H1			500 000		
Avkloakkering nord for Torpovegen			4 000 000		
Ny server Sundre renseanlegg				1 000 000	
Hansebråta				1 500 000	
Forskottering avløpsledning av Torpo				6 000 000	
Ny bil				500 000	
4 Renovasjonspunkt	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Reserve for prosjekte Haugen			500 000	500 000	
5 Rehabilitering hovudledning Bekkefare		3 000 000			
6 Opsjonar Votndalen jf. politisk .sak		3 400 000			
6 Opsjonar Votndalen jf. politisk .sak 17/019		1 500 000			
Avløpsledning Leveld - opsjon til Snogsrud 17/02193		2 500 000			
<b>Sum Vatn, avlaup, renovasjon</b>	<b>6 000 000</b>	<b>54 100 000</b>	<b>14 107 000</b>	<b>19 200 000</b>	<b>400 000</b>
<b>Finansiering</b>					
Låneopptak	-6 000 000	-54 100 000	-14 107 000	-19 200 000	-400 000
Bruk av kapitalfond	0	0	0		
Bruk av næringsfond	0	0	0		
Bruk av disposisjonsfond	0				

1. Avløp i Leveld jfr Ksak 41/17.
2. Løypande oppgradering etter prioriteringsliste.
3. Arbeid i Votndalen.
4. Arbeid med nedgraving av nye kontainarar for avfall, utskifting 1 kvart år
5. Rehabilitering av Bekkefare etter lekkasjen sommar 2018 .
6. Opsjonar til overføringsledning i Votndalen.





ÅL KOMMUNE

## Selskap og samarbeid utanfor kommunens organisasjon

Budsjettal for selskap og samarbeid utanfor kommunen sin sektormodell 2019						
Tal i 1000						
Samarbeid / selskap	Budsjettansvarleg ansvar	2017	2018	2019	endring frå	%
		Rekneskap	Budsjett	Framlegg	2018	auke
Innkreving/skattekontoret	Økonomiavd.	1 078 448	1 217 000	988 861	-228 139	-18,7
Revisjon/kontrollutval	Økonomiavd.	584 912	630 000	655 000	25 000	4,0
IKT-Hallingdal	IKT-Avd	8 708 924	9 101 000	9 683 925	582 925	6,4
Hallingdal Brann og redning	Teknisk	4 035 777	4 216 000	4 812 000	596 000	14,1
Barnevern	Avd.leder	10 360 641	10 558 000	8 867 000	-1 691 000	-16,0
Kleivi Næringspark	Utvikling	700 732	869 000	544 000	-325 000	-37,4
Krisesenteret	Helse	1 116 500	785 000	1 109 000	324 000	41,3
Kyrkja	Rådmann	4 860 000	4 980 000	5 110 000	130 000	2,6
Felleskjøkken	Helsesjef	3 668 351	2 880 000	3 100 000	220 000	7,6
Hallingdal etablerersenter	Utvikling	100 884	91 000	250 000	159 000	174,7
IKA-arkiv -Konsberg	fellestenester	344 761	334 000	334 000	0	0,0
Hallingdal Renovasjon	Teknisk sjef	8 004 713	7 911 000	9 184 000	1 273 000	16,1
Regionrådet	Rådmann	566 372	443 000	587 000	144 000	32,5
PPT-Øvre Hallingdal	Oppvekstsjef	2 895 226	3 481 000	3 568 000	87 000	2,5
Hallinghelse	Rådmann	362 036	503 000	520 340	17 340	3,4
Hardangerviddatunnelene AS	Rådmann	50 000	25 000	50 000	25 000	100,0
Forum nye Bergensbanen	Rådmann	0	50 000	25 000	-25 000	-50,0
<b>Sum</b>		47 438 277	48 074 000	49 388 126	1 314 126	





ÅL KOMMUNE

## DRIFTSOMRÅDA

### *Administrasjon og servicetenester*

#### **Driftsutgifter og inntekter innafor ny ramme:**

##### **Utfordringar i 2019-budsjettet og økonomiplanperioden:**

Som arbeidsgjevar ønskjer vi fornøgde og friske arbeidstakarar som gler seg til å gå på jobb. Vi må sjå til at vi tek vare på våre tilsette på beste måte, slik at dei opplever trivsel, arbeidsglede og ein trygg og meningsfull arbeidskvardag.

Dei tilsette er vår viktigaste ressurs, og også våre beste ambassadørar når det gjeld omdøme, marknadsføring og rekruttering. God leiing og godt samarbeid med organisasjonane og vernetenesta vil fortsatt vere viktige nøklar for å lukkast.

Dei tilsette strekkjer seg langt for å levere gode tenester til innbyggerane våre.

Ved reduserte ressursar ute i sektorane, opplever fleire at dei kjenner på at arbeidsdagen blir meir krevjande. Nærværet hos oss er høgt i dei fleste avdelingar, men vi ser at det nokre avdelingar strevar meir. Der set vi inn litt ekstra innsats.

God leiing og godt samarbeid med organisasjonane og vernetenesta vil fortsatt vere viktige nøklar for å lukkast i det vidare arbeidet i denne prosessen. Faste møter ute i avdelingane mellom leiar, tillitsvald og verneombod er eit tiltak som arbeidsgjevar ser på som særskilt viktig.

##### **Utvikling og innovasjon**

Vi arbeider kontinuerleg med leiarutvikling og vil fortsette med det i planperioden.

Innovasjon har vore på agendaen dei siste åra. Det er gjennomført eit leiarprogram, kalla endring og fornying. Det har vore læring i endrings- og innovasjonsmetodikk. Innovasjon er å skape nye og betre løysingar.

Vi arbeidar no med mestringsorientert leiing som tek utgangspunkt i 10-faktor. 10-faktor er ei medarbeidarundersøking frå KS. Dei 10 faktorane det blir målt på, er viktige faktorar for å oppnå gode resultat, og som kan påverkast gjennom målretta utviklingsarbeid. Det blir ny medarbeidarundersøking tidleg i 2019. Ved ei undersøking vil vi kunne sjå om vi har lukkast på nokre område. Vi hadde same undersøking hausten 2016.

##### **Endring i budsjett 2019 i høve til budsjett 2018 :**

Budsjettet vert styrka anna kvart år med kr. 200 000, grunna val. Dette er også gjort i 2019.

##### **Omtale av utfordringar i økonomiplanperioden:**

På grunn av aukande interkommunalt samarbeid, og nye organisasjonsstrukturar innafor kommunen, vert oppgåvene til avdelingane i stor grad er ein dynamisk prosess.





ÅL KOMMUNE

Tilsetting av ny rekneskapssjef vil krevje opplæring/oppfølging i 2019.

Digital kommunikasjon med innbyggjarane: Digital postkasse kom i gang i 2017 og krev aktiv marknadsføring for å få innbyggjarane våre til å opprette dette.

Skanne og digitalisere det gamle papirbaserte personalarkivet har stått på dagsorden ei stund, dette krev ein del ressursbruk.

Det er stilt strengare krav til innhald på offentlege nettstader og denne delen av vår IT-satsing er under utvikling. Dette fører til auka tidsforbruk for webansvarleg og andre både til ajourføring, nye prosjekt, opplæring og føringar gjeve frå departementet og KS.

Vi tilbyr opplæring i internett, Public 360, Visma, intranett og kvalitetssystemet for tilsette.

Ein tilsett i servicetenester har no fått tildelt ansvaret som personvernombod i Ål kommune, dette gjelder GDPR, som betyr General Data Protection Regulation. Dette krev mykje kartlegging, nye krav, pålegg til dokumentasjon med meir.

***Servicetenester skal gi betre tilgjenge og yte god service for brukarane av offentlege tenester i Ål.***



**Utfordringar i sektoren i økonomiplanperioden 2019 - 2022:**

Den store utfordringa i økonomiplanperioden blir å oppretthalde gode barnehagar og skular med nok tilsette til å gjennomføre dei ambisjonane sektoren har og som er nedfelt i styringsdokumentet Betre læring. Barnehagar og skular med god kvalitet er ein viktig faktor når familiar skal velje bustadkommune.

- 1. Barn og elevar med store hjelpebehov:** Tal barn/elevar med store hjelpebehov har auka. Per september 2018 har me 25 barn i barnehage og skule som treng så godt som 1:1 bemanning. I tillegg går den generelle bemanninga ned. Skuleåret 2013/14 var det om lag 100 faste årsverk i skulen. Skuleåret 2017/2018 er den faste ramma redusert til litt over 83 årsverk. I barnehage er også tal årsverk redusert i samsvar med nedgang i barnetal. Så lenge den generelle bemanninga var betre, og færre barn hadde store hjelpebehov, var det råd å omprioritere midlar til desse elevane. Med trongare ramme og med eit svært høgt tal barn som treng ekstra ressursar, blir ramma for knapp.

Bemanningsbehov til barn/elevar med store hjelpebehov 2018/2019:

Barnehage:	Behov – 4 stillingar	Har – 3 stillingar	Treng: 1 stilling
Skule (lærer):	Behov – 7,5 stillingar	Har – 4 stillingar	Treng: 3,5 stillingar
Skuleassistent:	Behov – 11 stillingar	Har – 4,5 stillingar	Treng: 6,5 stillingar

Økonomiske konsekvensar:

Barnehage:	Vil kunne omdisponere og auke styrkingsressursen dersom ramma blir vidareført.		
Skule (lærer):	kr. 1.200.000 (1,9 stillingar)	I tillegg omdisponere 1,6 stillingar, nedgang i elevtal.	
Skuleassistent:	kr. 800.000 (ca. 2 stillingar)	I tillegg omdisponere 4,5 stillingar frå tilpassa opplæring.	
Treng	kr. 2.000.000		

- 2. Styrke koordinerande eining (KE):** Tal barn/elevar med store hjelpebehov er høgt. Dett krev meir koordinering av tenester og ansvarsgrupper. Koordinerande eining har i dag to 25 % stillingar, ein i oppvekst og ein i helse. Det er eit ynskje å utvide denne tenesta til to 50 % stillingar. For oppvekst vil dette ha ein kostnad på kr. 150.000.
- 3. Tidleg innsats:** Å styrke innsatsen mot dei yngste er førebyggjande og i det lange løp god samfunnsøkonomi. Sektoren ynskjer å rette ekstra innsats mot framandspråklege. God norskopplæring er grunnlaget for god integrering av ei gruppe menneske som er og vil bli ein viktig del av innbyggjartalet vårt. Tidleg innsats er også nøkkelen skal kommunen få ned talet på spesialundervisning. God bemanning og kvalitetsarbeid nær barnet/eleven i barnehage og skule vil best bidra til å gjera våre til gagns skattebetalarar.





ÅL KOMMUNE

**4. a. Sikre god lærardekning på 1. og 2. trinn:**

Staten har dei siste tre åra øyremarka midlar til tidleg innsats.

2016: kr. 717.000. 2017: kr. 1 237.000. 2018: kr. 1 229.000.

Løyvinga for 2018 blir nytta skuleåret 2018/2019. Staten signaliserer at frå 2019 blir midlane ein del av rammeløyvinga. Oppvekst treng difor å styrke budsjett 2019 med kr. 500.000 for å kunne vidareføre statens intensjon om tidleg innsats.

**b. Etablere ei veilederteneste**

Sektoren ynskjer å etablere ei veilederteneste som kan hjelpe pedagogar i barnehagen og lærarar som står i store utfordringar. Sektoren har prøva ut ulike modellar, men det har ikkje vore økonomisk handlingsrom til å sette i verk ei meir permanent veilederteneste. Sektoren kan omprioritere ein del innan eigne rammer, men treng ekstra budsjettmidlar til ei halv stilling, dvs. kr. 350.000.

**5. Oppretthalde full barnehagedekning gjennom heile året:** Barnehageåret 2018/2019 er det totalt 14 færre barn med barnehageplass samanlikna med 2017/2018. Frå hausten 2018 utgjer dette ein stillingsreduksjon på 2,4 stillingar. Samtidig treng fleire barn styrking og frå januar står 11 barn på venteliste. Alle barn er under tre år, og for å kunne gje desse barnehageplass, er det behov for om lag 3 stillingar, i første omgang fram til 15. august 2019.

Hausten 2019 må me forvente at barnetalet aukar noko. 2017-årgangen tel 46 barn, men dekningsgraden for årskullet er i år berre 47 %. Det er grunn til å tru at mange i dette årskullet vil søkje plass for barnehageåret 2019/2020. Barnehagane treng difor å vidareføre dagens budsjetttramme for å kunne gi alle på venteliste eit tilbod om plass frå januar 2019. Ei vidareføring av ramma vil også kunne dekke behov for ekstra bemanning til barn med store hjelpebehov. Sjå pkt. 1.

Det låge 2018-kullet vil truleg gi langt færre barnehagebarn ved opptaket i august 2020.

**6. Auke felles planleggingstid i barnehagen:** Det er budsjettert med 9 personalmøte a 2 timar kvart år. Dette er lite med tanke på alle dei ulike tema barnehagane treng å ta opp i personalgruppa. Det er eit ynskje å auke felles planleggingstid i barnehagane med 9 timar kvart barnehageår. Dette vil ha ein kostnad på kr. 150.000.

**7. Etterutdanning:** Nye kompetansekrav gjer at kommunen må etterutdanne fleire lærararar. Staten gir tilskot, men kommunen må ta sin del av kostnaden. Å etterutdanne fire lærarar har ein årskostnad på kr. 200.000.

**8. Frie driftsmidlar:** Driftsbudsjettet har stått så godt som uendra i over ti år. Det er ikkje kompensert for prisvekst og nye behov. Dette er ei generell utfordring for kommunen. Frå oppvekst tek me med to konkrete døme. Frå oppvekst tek me med to konkrete døme:

- a. Digitale læremiddel – kr. 400 000.
- b. Auka tolketeneste – kr. 50 000.





ÅL KOMMUNE

### Notar til investeringsbudsjettet:

- 1) **IKT-investering:** Oppvekstsektoren i Ål er i gang med å innføre og å ta i bruk digitale verktøy for alle elever i grunnskulen. Elevane på 1.-4. trinn skal etter planen ta i bruk nettbrett som pedagogisk hjelpemiddel, og frå 5. trinn skal alle elevar ta i bruk nettbrett/PC som verktøy. Det vart sett av 1 mill. i årsbudsjetta 2016 og 2017 og 1,8 mill. i 2018. Innføringa er totalt kostnadsrekna til 7,1 mill. Dersom sektoren skal følgje oppsett framdriftsplan vil det vere behov for 3,3 mill. i 2019. Då vil alle elevane bruke IPAD eller PC og alle klasserom er utstyrt for å drive effektiv digital undervisning frå august 2019. I tillegg vil det bli nødvendig å auke den digitale støttefunksjon ved kvar skule (utvide dagens IKT-ressurs). Dette digitale løftet krev også ressursar og ekstra innsats til opplæring.
- 2) **Leveld skule:** Treng rehabilitering og ny ventilasjonsløyning. Lydisolering SFO – krav miljøretta helsevern – 2016. Arbeidsgruppe har greidd ut ulike alternativ vår 2017. Sjå eigen rapport. Kostnad inkludert renovering av bassenget: 3,6 mill.
- 3) **Nedre-Ål skule:** Enkelte klasserom er tronge og nedslitne. Treng oppussing. Sanering av asbest – renovering av korridorar, skifte vindauge i 1. etasje – mindre ombygging av klasserom - 2017. Generell oppussing (inkl. asbestsanering) – 3,3 mill.
- 4) **Skattebøll skule:** Garderobane treng renovering. Mørke veggjar i alle klasserom. Gamalt ventilasjonsanlegg. Måling og belysning i klasserom og korridorar, nytt ventilasjonsanlegg og renovering av garderobar er grovt rekna til å koste ca. 3 mill. Krav om universell utforming hausten 2019 har ein stipulert kostnad, 0,3 mill. Det vart sett av midlar i 2018-budsjettet til dette tiltaket.
- 5) **Ål ungdomsskule:** Ungdomsskulen slit med høg temperatur i klasserom og arbeidsrom. Ventilasjonsanlegget manglar kjølefunksjon, og i den varme årstida kan det bli mellom 30 og 40 grader i huset. Kostnad: 750.000.
- 6) **Drenering Sando barnehage:** Grunnmur har vasslekkasje og treng drenering. Kostnadsrekna til 1,5 mill. Nytt avløpsanlegg etter krav frå miljøretta helsevern hastar mest og er kostnadsrekna til 0.3 mill.
- 7) **Leikeapparat barnehagar/skular:** Kommunen skal halde 10 ulike leikplassar oppgraderte. Ved å sette av 250 000 kroner kvart år, får kvar leikeplass i snitt eit nytt leikeapparat kvart 10. år.





**Situasjonen i sektoren:**

Tenestene innan omsorg er stadig under stort press.  
Talet på eldre som har behov for omsorgstenester aukar.

Ut over lønsvekst har ein i fleire år hatt 0-vekst i utgiftene.

Det byr på store problem når fleire av utgiftspostane er kjøp av tenester der prisane stig like mykje som lønsveksten. Dette gjeld BPA, kjøp av spesialplass, tilskot til privatpraktiserande legane og fysioterapeutane.

Det er ikkje mogleg å dekke dei reelle utgifter innanfor dei rammene som er att.


Kommunalsjefen vil og nemne at det er fleire barn og unge i kommunen som treng til dels omfattande tenester dei næraste åra.

Det er budsjettert 1,5 mill. til auka avlastning. Vi må legge inn kjøp av institusjonsplass til 3,3 mill. og auke bemanninga i miljøterapitenesta med ca. 3,5 mill. (av desse 6,8 mill. får kommunen refundert 4,4 mill.).

Omorganisering av omsorgstenestene til eldre (ALF III) har redusert institusjonen med 4 sengeplassar, dei sparte ressursane gjer at ein kan opne dei siste 8 plassane i bufellesskapet Nigarden.

Kommunalsjefen vil peike på ei rekkje driftstiltak som er drøfta og som må lyftast fram:

<b>Tiltak lagt inn</b>	Kostnad	Inntekt/refusjon	Note
Utgifter til legevakt.	300.000		1
Utgifter til drift av legekantor	500.000		1/2
Krisesenter utgifter	400.000		3
Kjøp av institusjonsplass	3.285.000	-1.668.000	4
Brukarar i miljøterapitenesta	5.051.000	-2.732.000	5
Auke i utgifter til økonomisk sosialhjelp til flyktningar	250.000		6
Ass. avdelingsleiar på avdeling Stugu	683.000		7
Drift av 8 plasser bufellesskap demente kr1.900.000	Løyst ved omorganisering		9
<b>Tiltak som ikkje er lagt inn i budsjettet</b>			
Oppsøkjande team	300.000		8
Styrke koordinerande eining SHO sin del	150.000		8
Avdelingsleiarstilling i ergo/fysioterapi frå 60 – 100%	320.000		7
Personell og kompetanse	700.000		10
Brukarstyrt personleg assistent (BPA)	500.000		11
Omsorgsløn	800.000		12
Vedlikehald tekniskmedisinsk utstyr	90.000		13
Sjukesignalanlegg	100.000		13
Tolk	60.000		14





Note:

1. Utgiftene til legevakt aukar kraftig, dels grunna dobling av utgiftene til Nødnett og dels fordi lønnstillegga for arbeide på kveld, natt og helg har auka markant i 2018.
2. Tilskotet til privatpraktiserande legar og fysioterapeutar har auka. Det same har beredskapsgodtgjeringa for legar på legevakt gjort. For fysioterapeutane har det at kommunen nå får ta eigenandel for behandling utført av kommunalt tilsette fysioterapeutar, balansert budsjettet.
3. Rådmandsutvalet i Hallingdal har bestemt at ein skal finne ei anna og rimelegare løysing på Krisesentertilbodet i Hallingdal. Den løysinga som det nå vert arbeidd med, gir ei usikker innsparing for Ål kommune. Kommunalsjefen vel å reversere tidligare reduksjon i budsjettet til vi ser kva som blir den endelege organisering av krisesentertilbodet.
4. Ål kommune har ein ungdom ein må kjøpe plass til utanfor kommunen. Ein får ein del av kostnaden refundert frå staten.
5. Fleire av brukarane i Miljøterapiavdelingane har auka behov. I tillegg treng dei «nye brukarane» avlastning. Det som kjenneteiknar mange av desse tenestetilboda er at dei blir gitt på kveld og helg og difor er det ein høg timekostnad.
6. Utgifter til økonomisk sosialhjelp til busette flyktingar har tidlegare blitt refundert frå kommunens flyktingfond.
7. Leiarspennet i helse og omsorg er i enkelte avdelingar stort. Organisasjonsendringa (ALFIII) har ført til at Tunet har fått færre tilsette medan Stugu er fått fleire. Rådmannen meiner der skal inn ein assisterande avdelingsleiar for å sikre oppfølging av brukarar og tilsette. Alle dagtilbod og matriseteam er blitt samla i avdeling ergo-/ fysioterapi. Leiarstillinga har til nå vore 50% - den bør opp i 100% (vi har lagt inn 10% auke).
8. SHO har vedtatt at desse teama aukast, kommunalsjefen har ikkje funne plass til det på permanent basis.
9. ALF III omprioriterte ressursar slik at dette ikkje var behov for nye midlar.
10. Kravet til kompetanse aukar. Det er behov for å styrke kurs-, utdannings- og rettleiingsbudsjetta.
11. Utgiftene til brukarstyrt personleg assistent (BPA) er høgare enn budsjettet. BPA er ein lovpålagt teneste som ein har rett på om ein har eit hjelpebehov på ca. 35 timer pr. veke.
12. Utgiftene til omsorgsløn er høgare enn budsjettet.
13. Supportavtalar og pålagde årlege kontroller av teknisk medisinsk utstyr og anlegg.
14. I Ål er ca. 9.3% av befolkninga innvandrarar (dei fleste er arbeidsinnvandrarar). I mange behandlingssituasjonar er det nødvendig med tolk.





ÅL KOMMUNE

### Investeringsbudsjettet:

Tiltak:	INVESTERING i heile 1000 kr				DRIFTSKONSEKVENNS			
	2019	2020	2021	2022	2019	2020	2021	Note
<b>Økonomiplan 2018-2021:</b>								
Tilrettelegging Stugu ute	700							1
Ventilasjonsanlegg Stug	4.000							2
Nye digitale tryggingsalarmer	200					400	400	3
Tekniske hjelpemiddel /velferdsteknologi	500	500	500	500				
Bilar	800	600	600	600				
Bustad ein brukar	3.500							4
Ombygging av omsorgsbustadar og gammal personaldel avd. miljøterapi	1000	1000						5
Oppfylle brannforskrifta om rømningsveg på Stugu	600							6

#### Note:

1. Utearealet utanfor Stugu (opp mot Helsetunvegen) må tilpassast til demente. Området må vera innbydande, men også trygt slik at ein kan nytte det på eiga hand utan gå seg bort.
2. HAVA har laga ei inneklimaundersøking som konkluderte med at ventilasjonen /inneklimaet bryter med arbeidsmiljølova.
3. Der er sett av midlar i 2018 til utskifting av alarmer. Ein har ikkje laga kravspesifikasjonen, og summen på investeringa er difor svært usikker.
4. Me må bygge / tilpasse ein spesialbustad.
5. Fleire omsorgsbustar på Prestegardsjordet er ikkje pussa opp sidan dei vart tekne i bruk i 1991. Vedlikehaldet er slett.
6. Avdeling Stugu oppfyller ikkje brannforskrift om sikra rømningsveg.





ÅL KOMMUNE

## Kultursektor

### Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

*Den største utfordringa i komande økonomiplanperiode blir å bygge og drifte eit godt og funksjonelt tilbygg til Ål kulturhus innanfor ei stram økonomisk ramme.*

#### Driftsbudsjett 2019:

Løn: For 2018 henta sektoren inn reduksjonane gjennom ei mellombels nedskjæring på 5% av driftsbudsjettet, ved å ikkje tilsetja vikar i vakante stillingar. Denne reduksjonen har ført til auka belastning på tilsette og reduserte tilbud i tenesta; meir sommarstengt bibliotek og færre initiativ frå kulturkontoret til løyse nye oppgåver. For 2019 vert desse lønsutgiftene tekne inn igjen i budsjett, men med ei omprioritert bruk av lønnsmidlane.

SPRANG- Landsdelsscene for dans:

Prosjektstillinga er forlenga med 50% mellombels engasjement fram til 15. august 2019. Lønsmidlane til stillinga er eit spleislag mellom kommunen og fylket: eksterne, omdisponerte restmidlar etter stillinga til regional kulturkonsulent som vart avvikla i 2015. I løpet av 2019 må prosjektleiar søke driftstilskot frå staten.

Driftstilskotet frå BFK er gyldig fram til 31.12.2019.

År	BFK	Ål kommune	Samla kostnad/ prosent stilling
2017	140	140	280/ 50%
2018	140	140	280/ 50%
2019	280	280	560 / 80%

For å kunne hente ut resten av midlane frå BFK, 280 000 kr, må stillingsprosenten aukas i 2019, og tilskotet frå Ål kommune må aukes tilsvarende, dvs. auke frå 140.000 til 280.000. Dette løyser me ved å omdisponere lønsmidlar for 2019. Denne styrkinga av SPRANG gjev oss høve til å løne Martin Myhr for å nå målet om ei regional satsing på folkedans. Gjennom denne styrkinga av folkemusikk og – danssatsing i Hallingdal trur me at me kan få til eit økonomisk spleiselag med regionrådet og kommunane i Hallingdal.

Leveld kunstnartun:

I Ål kommune har me no tre kulturinstitusjonar som mottek statleg stønad til årleg drift; Fryd scene, Leveld Kunstnartun og Den Norske Folkemusikkveka. Kommunen får soleis eit ansvar for å bidra i eit økonomisk spleiselag viss dei skal oppretthalde eksterne tilskot. For 2019 har Leveld kunstnartun fått tilsagn på 420 000 kr på Statsbudsjettet. Me tilrår å løyve 100 000 kr frå Næringsfondet.

#### Investering 2019:

Ål kulturhus: Etter 25 år med drift må ein rekne med at utstyr i dagens bygg etter kvart treng oppgradering eller utskifting. Eksisterande system med trådlause mikrofonar er ikkje lenger godkjent, og systemet vil ikkje kunne brukast i framtida. I tillegg er store delar av det elektroniske anlegget i Storesalen i ferd med å ikkje kunne nyttast lenger, grunna slitasje og elding. Utan denne oppgraderinga må kulturhuset leige inn utstyr til kvar framsyning. Sjå vedlegg 1. Rådmannen tilrår å løyve 750 000 kroner i investeringsbudsjett for 2019.





ÅL KOMMUNE

Lydanlegg på nye Ål kulturhus:

2 millionar er skaffa i ekstern støtte frå Sparebankstiftelesen DNB (juni 2019).

Det vert søkt om støtte frå Musikkutstøttinga hausten 2018. Me har god tru på at 'restsummen' på 1 250 vert matcha med ekstern støtte og ber om at denne summen vert oppretthalde i 2019.

Rådmannen tilrår å oppretthalde 3 250 000 kr i investeringsbudsjettet for 2019.

### **Økonomiplan 2019-2022:**

Idretten i Ål har skrivt brev til kommunen og påpeika behovet for ei auke i løyvingane til drift og vedlikehald av idrettsanlegga. Dei får pr. i dag 330.000 kr over kulturbudsjettet, der halvparten skal gå til aktivitet og halvparten til drift og vedlikehald. Dei ber om 120.000 kr/ år ekstra i komande økonomiplanperiode. Rådmannen har ikkje funne rom i budsjettet for denne auken.

Driftsbudsjetta har stått stille eller vorte redusert dei siste ti åra; noko som tilseier ein reel nedgang. Dette skapar store utfordringar for alle avdelingar i kommunen. Men det skapar truleg ei ekstra utfordring for Ål kulturhus, som driv ein «butikk», der kvar kommunale krone forventar å doble seg og dermed skape ein meirverdi for kommunen. Kravet til inntening har auka med 100% sidan 2004. Rådmannen har ikkje funne rom i budsjettet for denne auken.

Begge desse postane vil me truleg drøfte og 'problematisere gjennom arbeidet med Kulturplan, våren 2019.





## Drift og utvikling

### UTFORDRINGAR

Den største utfordringa framover er å kunne vedlikehalde og ta vare på den store bygningsmassa og kommunale bruer og vegar. Det er eit stort etterslep på bygningsvedlikehald. Kartlagt vedlikehaldsbehov på større kommunale bygg er kostnadsrekna til over 40 mill. kr dei neste åra.

### DRIFTSTILTAK SOM DET IKKJE ER FUNNE Plass til:

#### 1. Ny stilling snikkar for å kunne vedlikehalde eksisterande bygningsmasse – kr 500 000

Utrekningar syner at det hadde vore god økonomi om vi hadde ein snikkar til i fast jobb. Kommunen har i dag nettoinntekter frå utleige av kommunale bustader medan vedlikehaldstrongen på utleigeeiningane aukar år for år. Større del av husleigeinntektene burde gå til å vedlikehalde utleigeeiningane. Det oppstår stadig akutt-tilfelle der vi er nødt til å leige inn hjelp for å gjera nødreparasjonar på bygg og i 2018 reknar vi med å bruke om lag kr 430 000 på innleigd handverkar og materiale til slike hasteoppdrag.

#### 2. Auka midlar til sumarhjelp– betre vedlikehald av park og grøntområde – kr 150 000

Vi har gode erfaringar med å ta inn ekstrahjelp (ungdom) i sumarhalvåret. Våre faste folk skal avvikle ferie samstundes som det er stort behov for vedlikehald av uteområda og særleg hektisk med mange ekstra oppdrag i samband med avslutning/oppstart barnehage-/og skuleår. Tilbod om sumarjobb i heimkommunen for studentar har truleg ein positiv effekt når det gjeld kor mange som flyttar heim att etter endt utdanning.

#### 3. Kompensasjon for kostnadsauke (indeksregulering) brøyteanbod – kr 150 000

Vi er avhengige av å leige inn fleire firma til snøbrøyting. Nytt anbod frå og med vinteren 2015-16 ga ei kostnadsauke på kr 520 000 i høve til tidlegare og indeksregulering f om sesongen 2018-19 førte til ytterlegare auke på kr 290 000. Driftsramma har berre delvis blitt auka for å dekke dette (fekk auka budsjetten med kr 370 000 f om 2017). I tillegg har dieselutgiftene auka mykje.

#### 4. Ny stilling vaktmeister – kr 500 000

Det er eit stort arbeidspress på vaktmeisterkorpset med stadig meir avansert utstyr som krev oppfølging og ettersyn. Det er i dag eit stort gap mellom kva avdelinga klarer å levere og det brukarane av bygga etterspør. Innmeldte oppdrag som ikkje kan vente av omsyn til liv og helse vert prioriterte. For andre oppdrag er det no i gjennomsnitt 40 dagar ventetid.

#### 5. Stadig strammare driftsbudsjett

Gjennom mange år har ikkje driftsramma til vedlikehald og drift av bygga vorte auka, medan t.d. straumutgiftene (estimert forbruk i 2018 ligg på 4,8 mill kr) og utgiftene til kommunale utgifter og renovasjon har auka mykje. Det same gjeld for vedlikehald av grøntområde og kommunale vegar. Den krevjande vinteren og våren i år har ført til eit stort etterslep pga mykje ekstraarbeid med snørydding, fjerning av is på tak, utbetring av skader på tak og vasslekkasjar og utskifting av mange stikkrenner på dei kommunale vegane osb.





ÅL KOMMUNE

### Investeringar innan sektor:

#### *(Sjå skjema 2b)*

Nivået på investeringane i sektoren har vore lågt dei siste åra. Dette har gått ut over tilstanden på vegar, bruer og bygg. Det er difor positivt at det i inneverande økonomiplan er teke eit løft.

Fotnoter til investeringspostane:

4. Effektivt reinhald krev utskifting av golvvaskemaskiner og anna utstyr
5. Omsorgsleilegheitene i Brattebakken treng standardheving (bad, kjøkken, golv, betre isolering og nye vindauge), lagt inn midlar til å kunne heve standard på 2 husvere årleg
6. Nøkkelsystemet er gammalt og slitt og det er ikkje mogleg å få tak i nye låsesylindrar
7. Det har ikkje vore sett av midlar til utskifting av maskinparken dei siste åra, makinene er i bruk mange hundre timar årleg og følgjande utskifting er naudsynt framover: minitraktor og skjær i 2019, kantklippar i 2020, gravemaskin og traktor i 2021.
8. Gamle ventilasjonsanlegg både på ny og gamal del av Tingstugu er modne for utskifting, men behovet er ikkje akutt så investeringane er forskuve i tid til 2022 og seinare.
9. Ål kommune sin del av kostnadar i samband med regulering næringstomter Gullhagen og Oppsjøtippen. Gjera i stand byggeklare tomter Granhagen og evt. fortetting på kommunal grunn nedanfor Stavevegen 27 og på Stavin.
10. Diverse grunnkjøp, gamle saker.
11. Endring av reguleringsplan (endring Myren), evt nye parkeringsløysingar og ny møteplass/parkareal
12. I 2019 vert bruvedlikehald prioritert og frå og med 2020 er det sett av det nivået på opprusting/asfaltering som vegplanen tilrår for å unngå aukande forfall.
13. Årlege midlar til utskifting av armaturar. Totalt skal 380 gamle armaturar som må skiftast til ein kostnad på om lag kr 6 500 pr. stk.
14. Jf. prioriterte tiltak i plan for trafikktryggleik. Eigne kommunale midlar som dekker 40% av kostnadsoverslag kan utløyse tilskot frå staten til resterande 60%.
15. Pålagt tilsyn av bruer har avdekt at det er naudsynt med omfattande reovering av denne brua i 2019.
16. Ål IL sitt prosjekt, spleiselag med mange ulike finansieringskjelder. Vil gjera elva tilgjengeleg for bebuarane på helsetunet og resten av innbyggjarane. Viktig for folkehelse og nærfriluftsliv.
17. Kastebua i kyrkjeparken er Ål kommune sitt ansvar og omfattande restaurering trengs i 2019 for at bygget ikkje skal rasa overende.
18. Siste utbetaling til Veidekke som er halde attende i påvente av utbetring av mangelliste.

YNSKJE OM **NYE INVESTERINGAR** SOM DET IKKJE ER FUNNE PLASS TIL (førebeles ikkje i prioritert rekkefølge – her vil STNR vera med å prioritere):

1. Utskifting ventilasjonsanlegg – (gamal del Ål helsetun ca. 6,4 mil.l kr og Tingstugu ca. 2,8 og 6 mill. kr) fordelt på åra 2019-22
2. Ekstra midlar tiltak sentrumsutvikling/oppfølging av kommunedelplan for Sundre kr 0.5-2.5 mill kr ekstra årleg (mellom anna nye planfrie kryssingar av rv. 7 skuleområdet)
3. Ekstra midlar tiltak trafikktryggleik 0.5-2.5 mill. kr ekstra årleg (jf. prioriteringsliste nye gangveggar i plan for trafikktryggleik)
4. Full reovering av behandlingsbassenget om lag 6 mill. kr i 2021.

